



Sellevoll Kultur og Landskapspleie
c/o Åge Sellevoll Skarsvegen 486
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16974 - 20/75218

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
25.11.2020

Landbrukssak gbnr 147/3 Sellevoll - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 1268/20

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Claus Sellevoll løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 147/3 Sellevoll.

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Vegen skal byggast som ømsøkt. Vedtaket er gyldig til 30.11.2023.

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2

Saka gjeld

Claus Sellevoll ynskjer å oppgradere ein gamal torvveg på gbnr 147/3 mfl. Vegen skal oppgraderast til vegklasse 7, landbruksvegklasse.

Han ynskjer å betre tilkomsten til utmarksbeite i Veneset og vegen vil då gje moglegheit for å planlegge hogst og uttak av ca 2000m³ skog samt restaurering av gamle torvhus som står i Sellevoldsmarka.

VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheltsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Planlagd veg vil gje god tilkomst til utmark og for uttak av skog. Fleire grunneigarar langs traseen er og positive til tiltaket då vegen er prega av attgroing og dårleg bereevne i enkelte tider i året. Med betre tilkomst til beite og utmark kan ein lettare gjera tiltak for å halda kulturlandskapet i hevd. Naboar er varsla om tiltaket og det er levert inn nabovarsel med signaturar til kommunen. Tiltaket er i tråd med forskrifta og kommunen har ingen merknadar til tiltaket.

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og Artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området. Saka har vært på høyring hos Vestland fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland og Alver kommune/v Kulturavdelinga. Ingen av mottakarane kom med merknadar.

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eiger grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpa med.

Regelverk

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/16974

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sellevoll Kultur og Landskapspleie

c/o Åge Sellevoll
Skarsvegen 486

5911 ALVERSUND